

Ulovleg lukka dører

Sivilombodsmannen seier kommunen ikkje hadde rett til å halde den ekstraordinære generalforsamlinga til Asvo Produkt AS 15. januar bak lukka dører, der kommunen nyttar sin rett som eigar å kaste det sitjande styret.

Av Sindre Omenås

Formannskapet i Stranda kommune fungerer som generalforsamling for det heileigde kommunale selskapet Asvo Produkt AS.

Kasta styret

Ordførar Frank Sve viste til aksjelova, då han ønskte å halde ei ekstraordinær generalforsamling for Asvo Produkt bak lukka dører, utan innsyn frå offentlegheita. Det gjorde at medlemene i formannskapet også var bunden av teieplikt, også etter at eigarane kasta



Politikarane har ikkje rett til å kaste eit styre og velje eit nytt bak lukka dører i ly av å vere eit aksjeselskap.

(Arkivfoto)

det sitjande styret og sat inn ordførar Frank Sve som styreleiar for selskapet.

Sunnmøringen, ved tidlegare redaktør Gyri Aure, klaga dette inn for sivilombodsmannen. Ho

hevda at medlemene i generalforsamlinga sat der i kraft av sine verv som formannskapsmedlemmer, og at reglane i kommunelova om møteoffentlegheit måtte gjelde.

Eigarinteresser

Det er sivilombodsmannen samd i, og Arne Fliflet skriv i sitt fråsegn:

«Eg har kome til at avgjerd om utøving av kommunen sine eigar-

interesser i eit aksjeselskap er ei kommunal oppgåve, og at reglane i kommuneloven gjeld fullt ut. Formannskapet hadde mynde frå kommunestyret til å gjere slike vedtak. Møtet var derfor eit møte i folkevalt organ, og reglane for møteoffentlegheit i kommuneloven måtte då gjelde».

Sivilombodsmann Arne Fliflet ber kommunen for framtida merke seg det han her seier.

– Ville vore lukka uansett

Ordførar Frank Sve seier kommunen tek uttalen til sivilombodsmannen til etterretning, men angrar ikkje på at generalforsamlinga i januar blei halde bak lukka dører.

– Det vil seie at vi burde ha brukt kommunelova i staden for aksjelova, men det var framleis grunnlag for å lukke dørene, seier Sve.

– Det var fleirtal i generalforsamlinga for å lukke dørene. Debatten bar også preg av personopplysningar og styreleiar og dagleg leiar, som gjorde at vi også kunne lukke dørene etter kommu-

nelova, seier ordførar Frank Sve.

TalestrekkVi merkjer oss kva sivilombodsmannen seier, slik han ber oss om. Samstundes er det slik, at den som ikkje gjer noko, gjer hellet ikkje feil, seier Sve.

Han meiner uttalen til sivilombodsmannen ikkje fører til praktiske konsekvensar i forhold til generalforsamlinga til Asvo i januar.

– Mykje av den saka er blitt offentleg gjennom media, samstundes med at karakteren på debatten gjorde at møtet ville blitt lukka også etter kommunelova.

– Den opnar vel ikkje for at til

dømes val av nytt styre skal gå bak lukka dører?

– Nei, det kan stemme. Poenget mitt er at vi no vil bruke kommunelova og ikkje aksjelova i slike generalforsamlingar, seier Sve.

– Du seier det framleis er mange gode paragrafar å nytte for å lukke dørene for presse og publikum?

– Det er ikkje eit mål for meg å halde møte bak lukka dører. Vi skal halde dørene opne på dei møta som skal vere opne, og lukke dei som skal vere lukka, seier ordførar Frank Sve.

– Du seier det framleis er mange gode paragrafar å nytte for å lukke dørene for presse og publikum?

– Det er ikkje eit mål for meg å halde møte bak lukka dører. Vi skal halde dørene opne på dei møta som skal vere opne, og lukke dei som skal vere lukka, seier ordførar Frank Sve.

– Skaper presedens

Det er positivt å få ein uttale frå sivilombodsmannen, som slår fast at det er kommunelova og ikkje aksjelova som gjeld når kommunen skal utøve sine eigarinteresser i kommunalt eigde selskap, seier Gunnar Bodahl-Johansen.

– Eg er ikkje overraska over resultatet og uttalen til sivilombods-

mannen. Eg er derimot meir overraska over at kommunane ikkje i større grad set seg inn i lovverket i slike saker, seier Gunnar Bodahl-Johansen.

Han er fagmedarbeidar ved Institutt for Journalistikk.

Gunnar Bodahl-Johansen meiner det er viktig å få slått fast at det er

kommunelova som gjeld når kommunen skal utøve sine eigarinteresser, og at ein ikkje kan organisere seg bort frå dette ansvaret.

– Eg meiner Sunnmøringen har gjort ein god jobb ved å klage denne saka inn for sivilombodsmannen, og dermed fått ein uttale som vil skape presedens i slike saker.

DEBATT - INNLEGG - DEBATT - INNLEGG - DEBATT - INNLEGG -

Usselt påfunn

Kva tankar den enkelte gjer seg omkring kronerullinga som freidig er sett i gong vedrørande oppføring av eit såkalla kyrkjelyds-hus, det får vi neppe vite; og det same kan det vere. Det unødvendig utdige nett nå, er det å ha utfordra nokon til trass for tvillaust å måtte ha visst at den utfordra er sterkt kritisk til oppføring av ein tiltvinga indoktrineringskåk i prestegarden; eit føretak som til overmål vil tyngje komande kommunebudsjett. Slik føreteken utfordring ber einast skadefryd i seg, og dette passar seg særleg ikkje når utfordraren sit i posisjo-

nen som kulturhuset sin daglege leiar, og då venteleg følgjer med i det som skrivast i pressa. Kven som helst kan rett nok utfordre kven som helst, men ein treng då ikkje slik kjekke seg – visseleg

råkande den utfordra. Tydelegvis eig ikkje alle utfordrarar rimeleg skam i livet. Von dess.

Øystein Fjørstad

Debatt – innlegg
Alle lesarbrev/innlegg under vigenett «Debatt – Innlegg» skal som hovudregel setjast i avis med fullt namn, og utan unntak når det blir framsett kritikk mot personar, institusjonar, lag, organisasjonar eller liknande. Lesarbrev/innlegg som blir sendt oss der avsendarne

ikkje gir seg til kjenne, blir lagt vekk og kjem ikkje på trykk. Om ikkje anna er avtala skal lesarbrev/innlegg leverast elektronisk, og den totale makslengda på lesarbrev/innlegg er 3500 teikn inkludert mellomrom. Red.



KEF-DIMAND
Røgillustrasjon: www.bjellphotostudio.no

Det er dumt å måtte sykmelde hele kroppen hvis det bare er armen som er vond

Har du spørsmål om:

- Ny sykmeldingsblankett (Avventende sykmelding)
- Dialogmøte og oppfølgningsplan
- Tilbod om individuell oppfølging, avklaring, arbeidsrettet rehabilitering og raskere helsebehandling

Ring Raskere tilbake-telefonen for arbeidsgivere:

75 42 64 06

Se også nav.no/raskeretilbake

